

**Nystarta trio i kjedlaren**

17.09.2014

**Laurdag får jazzfrelste helsa på ein nystarta trio som skal spela i Dønhaugkjedlaren. Det er Adjustments som består av Nils Olav Johansen på gitar Svein Folkvord på bass og Stein Inge Brækhus på trommer og konserten er i regi av Husnes Jazzklubb. Johansen er mest kjend som solist i Farmers Market og han vil og verta hugsa for solo-plata My Deal**

Kva kan ein så venta?

Ikkje lite, skal ei tru pressemeldinga:

Elektrisk instrumentalmusikk, tett samspel, energiske soloar, men rolige og også stemningsfulle parti med det melodiske i fokus. Med andre ord skulle det vere noko for alle!

Jazzklubben har i samband med denne konserten søkt kommunen om underskotsgaranti og søknaden har eit budsjett på 17 000 kroner. 8000 kroner av dette er udekka etterat det er rekna med 7500 i bilettinntekter og 1500 frå sponsor. På utgiftssida er det ført opp 9000 kroner i honorar, 3000 i reiseutgifter, 2000 i husleige, 1500 til annonser og 1500 i matutgifter.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen